
Saksnr: 2021/6002-13
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021

Oppnemning av representantar frå kommunesektoren til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektorane og Sametinget

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande representant og vararepresentant til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektorane og Sametinget:

1. Representant:
2. Vararepresentant:

Samandrag

KS har fått i oppdrag å oppnenme representantar frå kommunesektoren til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektoren og Sametinget.

Forumet skal bestå av éin representant frå kvar fylkeskommune/Oslo kommune (totalt 11) og 11 kommunerepresentantar, med vararepresentantar. Videre to representantar frå Sametinget med vararepresentantar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør for organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Brev frå KS
- 2 Mandat

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

KS har fått i oppdrag å oppnemne representantar frå kommunesektoren til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektoren og Sametinget.

Forumet skal bestå av éin representant frå kvar fylkeskommune/Oslo kommune (totalt 11) og 11 kommunerepresentantar, med vararepresentantar. Vidare to representantar frå Sametinget med vararepresentantar.

KS ber om forslag innan 4. juni 2021.

I tråd med mandatet, bør medlemmene ha ansvar for eller oppgåver knytt til europapolitiske saker.

Det skal sikrast balansert representasjon med omsyn til politiske parti, geografi og kjønn for kommunesektoren og Sametingets medlemmer. Medlemmene oppnemnst for éin valperiode, dvs. ut 2023. Fagdepartementa involverast på sine fagområder.

KMD og UD er kontaktpunkt til fagdepartementa.

Forumet supplerer, og må ses i samanheng med, andre formelle og uformelle politiske arenaer og prosesser for kontakt mellom staten, kommunesektoren og Sametinget, der det skal vere rom for å ta opp europapolitiske spørsmål. I 2021 planleggast ein digital europapolitisk dag tentativt torsdag 2. september.

Fylkesrådmannen viser og til vedlagt mandat og brev frå KS.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l., når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5. tredje avsnitt. KS ber om tilbakemelding 04. juni, og avgjerda kan derfor ikkje vente til fylkestinget er samla 16.-17. juni.

Vurderingar og verknader

Økonomi: ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesutvalet oppnemner ein representant og ein vararepresentant.